



Fitjar vidaregåande VG1 design og handverk stiller ut skremmende fantasidyr i Kulturhuset. F.v. Julie Habbestad (16) med fantasidyret «Bipola» og Catharina Abelsen (16) med fantasidyret «Midnattsmonsteret». Foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Stiller ut grusomme fantasidyr

Ei skummel veke er i vente for dei som tek turen innom Kulturhuset på Falturiltufestivalen i neste veke.

- [Henrik Mundal Andreassenhenrik@sunnhordland.no](mailto:Henrik.Mundal@sunnhordland.no)

Publisert 30.10.2014 kl. 18.00.

A-A+

Elevane på Fitjar VG1 design og handverk har no stilt ut sine eigenproduserte fantasidyr i foajeen i kulturhuset. Figurane er laga i lys av årets Falturiltu-tema fantasi og fanteri.

Dei er nokre skikkelege marerittfigurar med nokre grusomme bakhistorier.

– Eg har laga «Midnattsmonsteret». Han flyg rundt om natta og fangar born dersom dei er ute etter leggjetid, fortel Catharina Abelsen (17).

– «Bipola» har eg kalla mitt dyr. Fordi han har to fjes. Han et opp born frå sju år og oppover ved å lokka dei til seg med det snille fjeset sitt, fortel medelev Julie Habbestad (16).



Synne Kambe

Strømsnes (16) med «Anthon», ein skummel pandalignande skapning som lever i skogen. Foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Interessant

Dei grusomme bakhistoriene til trass. Dei to elevane synest opplegget har vore eit interessant og gjevande skuleprosjekt under Falturiltu-paraplyen.

– Det har vore kjekt å kunne gjera nett slik som me ville sjølv med figurane, held Abelsen fram.

Sjå biletserie av dei grusomme fantasifigurane her!

– Sjølv plukka eg inspirasjon frå ein TV-serie, der det var ein som kunne kopiera ansikta til folk. Det har vore artig å laga desse fantasidyrar, seier Julie Habbestad.



Kurt er laga av Camilla Koltveit Åsheim (16) og er halvt gris halvt ku og har kaninøyrer. Han et born og bur i fjøset. Foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Test

Oppgåva til elevane på skulen var at figurane dei lagde skulle omhandla dyr i fantasien, med utgangspunkt i verkelege dyr. Ein av elevane sine inspirasjonskjelder har vore Jo Nesbø og «Doktor Proktors dyr du skulle ønske ikke fanst».

– Me har brukt styrofoamskum for å laga figurane. Me har også brukt streng, gips og maling, fortel kontaktlærar Rigmor Lamo på Fitjar vidaregåande skule.

Les også: [Vil ta barn og unge med inn i eit fantastisk univers](#)

– Kjekt at me får vera med på slike prosjekt. No håpar me at det blir kjekt også for borna som skal sjå på figurane, seier Lamo. Barnebokfestivalen Falturiltu på Stord brakar laus på søndag og varar ut veka.